



Saksnr.	Utval	Møtedato
014/26	Samfunnsutvalet	04.03.2026
018/26	Kommunestyret	18.03.2026

Re Energi Kraftverk - uttale til konsesjonssøknad

Vedtak som innstilling frå Samfunnsutvalet - 04.03.2026

Kommunestyret i Gloppen støttar planane for utbygging av Re Energi Kraftverk, men meiner framlagde planar for handtering av masseoverskudd ikkje er gode nok. Kommunestyret er positive til at utbygginga får konsesjon, men ber om at det blir knytt vilkår om utarbeiding av planar for samfunnsgagnleg bruk av overskotsmassene.

Vedteke samrøystes

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Olje- og energidepartementet av slo 23. mars 2018 søknaden frå Breim Kraft AS om bygging av Breim kraftverk. Vedtaket vart klagt på, men klagen vart ved kongeleg resolusjon datert 07.09.2018 ikkje teke til følgje. Det har ei tid vore arbeidd med ei alternativ utbygging av Storelva, og Samfunnsutvalet behandla i mai 2024 framlegg til konsekvensutgreiingsprogram for kraftprosjektet. Kommunen mottok 11. februar i år orientering frå NVE om at konsesjonssøknaden for Re Energi Kraftverk var lagt ut på høyring. Høyringsfrist er sett til 18. mai.

Fakta i saka

Samandraget frå konsesjonssøknaden er gjengitt nedanfor:

Re Energi AS ønsker å utnytte deler av fallet i Storelva i Gloppen kommune til kraftproduksjon. Prosjektutviklingen skjer i samarbeid mellom grunn- og fallrettshaverne i elva og Re Energi AS. Re Energi er eid av Cloudberry Production AS som er et norsk selskap med investeringer i fornybar energi. En utbygging i Storelva er tidligere omsøkt i regi av Breim Kraft AS. Dette prosjektet fikk ikke konsesjon i hovedsak pga. forholdet til storørreten i Breimsvassdraget. Prosjektalternativene som nå er omsøkt ivaretar, gjennom en rekke tilpasninger og avbøtende tiltak, forholdet til storørreten i mye større grad enn det forrige prosjektet. Prosjektet bygger bl.a. videre på de gode erfaringene med fisketilpassede vannkraftprosjekt som man har sett bl.a. i Vosso (Palmafossen kraftverk) og øvre del av Glomma (Tolga kraftverk).

To utbyggingsalternativer ble meldt i februar 2024, og tiltakshaver har nå valgt å omsøke alternativ 1 med kraftstasjon i fjell. Alternativ 2, med kraftstasjon i dagen nede ved Breimshallen, er ikke omsøkt. Dam og inntak på kote 125,5 vil bestå av en lav betongterskel i elveløpet som leder vannet inn i et utgravd basseng mot inntaket. Mot inntaksbassenget vil det være en lang betongvegg med finrist med horisontale spiler. Spalteåpningen blir liten, ca. 18 mm, slik at fisk ikke kommer inn mot inntaket. Fra inntaket føres vannet gjennom en 260 m lang tunnel med fall på 1:6 og tverrsnitt på 40 m². Deretter er tunnelen nesten flat i 285 m, før den ender i en betongpropp. Fra betongproppen vil det bli lagt fire korte rør, 15-20 meter lange og med diameter 1,4 – 2,7 meter til maskinhallen i fjell (ett rør til hver turbin og ett til omløpsventilen). Kraftstasjonen får tre Francis-turbiner på hhv. 11,5 MW,

11,5 MW og 5,75 MW. Fra kraftstasjonen føres vannet gjennom en 2650 m lang tunnel med fall på 1:2000 og tverrsnitt på 50 m² til utløpet i Storelva like nedenfor Breimshallen. Avløpstunnelen krysser under E39 og de siste 70 meterne ned mot elva blir det bygd en betongkulvert som dekkes med vekstjord, slik at jordbruksarealet over kan reetableres. Mot elva er det en bred støpt terskel som sikrer rett høyde på undervannet og gir en sakte tømning av tunnelen ved plutselig stans. På terskelen blir det en rist som hindrer at fisk vandrer inn i avløpstunnelen.

En utbygging i Storelva i henhold til de omsøkte planene er bedriftsøkonomisk lønnsom.

Utbyggingskostnadene for det omsøkte alternativet er beregnet til 450 millioner kroner. Midlere årsproduksjon vil være ca. 90,0 GWh, noe som gir en utbyggingspris på 5,00 kr/kWh. Videre vil Re Energi være et viktig bidrag mtp. å fremskaffe ny fornybar energi med et akseptabelt økologisk og klimamessig fotavtrykk.

Kart som viser planlagt utbygging er vedlagt.

Massehandteringa er ikkje omtalt i oppsummeringa, men går delvis fram av situasjonsplanen. Det er berekna eit masseoverskot på om lag 300.000 m³ sprengstein, og det er gitt uttrykk for at det er ønskeleg at steinmassene i størst mogleg grad kan nyttast til samfunnsgagnlege formål lokalt. Kva for samfunnsgagnlege formåla som kan vere aktuelle er ikkje nærare analysert. Løysinga som er vist og omtalt i konsesjonssøknaden er eit massedeponi med kapasitet på 130.000 m³ mellom E39 og elva nær kraftstasjonen, og at Nordfjord Skifer på Sagefloten kan «lagre og bruke noen steinmasser innenfor deres godkjenning». Massedeponiet er eit 56 dekar stort jordbruksareal (dyrka mark) nær kraftstasjonen der ein tenkjer å ta av og lagre matjorda medan utbygginga pågår, og føre den tilbake etter at deponiet er fullt.

Oppsummering av konsekvensutgreiinga for utbygginga gir følgjande tabell:

Tabell 13-1: Sammenstilling av konsekvenser.

Tema	Nullalternativet	Hovedalternativ
Landskap	Ingen konsekvens	Noe negativ konsekvens
Naturmangfold på land	Ingen konsekvens	Middels negativ konsekvens
Naturmangfold i vann*	Ingen konsekvens	Ubetydelig konsekvens
Jordbruk	Ingen konsekvens	Noe positiv konsekvens
Georessurser/Mineralressurser	Ingen konsekvens	Ubetydelig konsekvens
Ferskvannsressurser	Ingen konsekvens	Ubetydelig konsekvens
Samfunn	Ingen konsekvens	Ubetydelig konsekvens
Friluftsliv	Ingen konsekvens	Middels negativ konsekvens
Reiseliv	Ingen konsekvens	Ubetydelig konsekvens
Klimagassutslipp	Ingen konsekvens	Stor positiv konsekvens
Kulturmiljø**	Ingen konsekvens	Noe negativ konsekvens
Vannmiljø**	Ingen konsekvens	Ubetydelig konsekvens
Samlet konsekvens	Per def. ingen konsekvens	Liten til middels negativ konsekvens
Rangering	1	2

*Temaet er utredet av Multiconsult i egen fagrapport **temaet er utredet av Asplan Viak i egne fagrapporter.

Økonomiske konsekvensar for kommunen

Kommunen vil få inntekter, både i form av fallrettsleige, skatteinntekter (og konsesjonskraft?)

Kommunestyret skal ha ei heilskapleg tilnærming når ein uttaler seg i slike konsesjonssaker, og det økonomiske utbyttet for kommunen bør slik kommunedirektøren ser det ikkje vere avgjerande for

uttalen til søknaden.

Konsekvensar for klima og miljø

For klima må ein legge til grunn at rein fornybar energi frå vasskraft vil kunne erstatte meir ureinande og klimaskadelege energikjelder, og dermed ha eit klart positivt klimabidrag. Konsekvensutgreiinga konkluderer då også med stor positiv konsekvens. Så var stridens kjerne ved behandlinga i 2018 om den samla miljøbelastninga på grunn av utbygginga var akseptabel eller ikkje. Det er ikkje usannsynleg at det vil bli eit avgjerande spørsmål også for denne søknaden, sjølv om det ikkje bør bli det dersom ein legg konsekvensutgreiinga til grunn.

Sosiale konsekvensar

Ingen

Vurdering opp mot planverk

Tiltaket er klart i strid med LNF-formålet i kommuneplanen, og vil vere avhengig av dispensasjon for å kunne gjennomførast. Konesjonsbehandlinga vil avklare om grunnlaget for dispensasjon er til stades. Bortsett frå eit spørsmålsteikn knytt til handtering av overskotsmasser meiner kommunedirektøren at vilkåra for dispensasjon i pbl. §19-2 andre ledd vil vere oppfylt dersom konsesjon blir gitt, og at dispensasjonsbehandlinga då mest truleg vil vere ein formalitet.

Kommunedirektøren si vurdering

Departementet sitt avslag i 2018 har følgjande grunngjeving:

Departementet mener de negative konsekvensene for Breim kraftverk må tillegges betydelig vekt. Avbøtende tiltak vil kunne redusere konsekvensene i noen grad, men ikke i et slikt omfang at ulemperne reduseres tilstrekkelig ut fra de miljømessige krav som skal legges til grunn. Departementet legger stor vekt på at Breimselva utgjør et økologisk funksjonsområde for deler av storørrestammen i Breimsvatnet, og at en utbygging av Breim kraftverk vil kunne påvirke stammen negativt. I den forbindelse har departementet tatt hensyn til at en ev. utbygging av Breimselva vil forringe vannkvaliteten i Breimselva ytterligere samt at ferskvannsbiologien vil bli negativt berørt. Det er lagt en viss vekt på at utbyggingen vil være negativ for landskapet i området, og ha ulemper for friluftsliv og reiseliv.

Gloppen kommune er positiv til utbyggingen. Departementet har på den annen side merket seg at blant annet Fylkesmannen og Miljødirektoratet er imot utbyggingen av Breim kraftverk. Departementet mener at føre-var prinsippet slik det kommer til uttrykk i naturmangfoldloven, må vektlegges i denne endelige avveiningen, ettersom det er uklart hvilke konsekvenser tiltaket vil ha for storørreten.

Departementet har etter en samlet vurdering kommet frem til at de samfunnsmessige fordelene ved utbygging av Breim kraftverk er mindre enn de skader og ulemper som påføres natur og miljø eller andre allmenne interesser, jf. vassdragsreguleringsloven § 5.

Gloppen kommune var såpass usamd i denne konklusjonen at kommunen ved ordføraren valde å klage på vedtaket. Det same gjorde søkjar Breim Kraft AS og Breim vilt- og fiskelag, men klagarane fekk som nemnt ikkje medhald. Søkjar har nå gjort tilpassingar for i enda større grad ta omsyn til fisk, og den faglege vurderinga av konsekvens for naturmangfald i vatn, ferskvassressursar og vassmiljø er ubetydeleg konsekvens.

Kommunedirektøren har ikkje funne grunn til å legge fram ei detaljert vurdering av alle sider ved denne konsesjonssøknaden, då det er grunn til å tru at kommunestyret uavhengig av omfanget av saksutgreiinga vil vere positive til utbygginga. For dei som ønskjer å sette seg betre inn i saka, er konsesjonssøknaden tilgjengeleg på www.nve.no/9049/v, og det skal vere/har vore ope møte om saka 12. mars.

Kommunedirektøren vil likevel peike på handtering av overskotsmasse, som ser ut til å ikkje vere tilstrekkeleg avklara. For det første er det uklart om ein har ein plan for all overskotsmasse. Dersom Nordfjord Skifer er tiltenkt å ta i mot dei 170.000 m³ stein som ikkje er plass til i massedeponiet, er det etter kommunedirektøren sitt syn svært upresist å omtale det som «noen steinmasser».

Nordfjord Skifer driv eit steinbrot, ikkje eit massedeponi. Det er skiferressursane her som har vore utgangspunktet for kommunen si godkjenning av anlegget, og det må avklarast om eventuell bruk til deponi er i samsvar med reguleringsplan og driftskonsesjon. For det andre er deponering av 130.000 m³ stein på eit fulldyrka areal neppe særleg god ressursutnytting, sjølv om ein planlegg å ivareta landbruksformålet. I konsekvensutgreiinga er massedeponiet omtalt slik:

Tunnelmassene er tenkt deponert på et jordbruksareal langs Storelva. Arealet vil bli dekket med jord og tilsådd etter utbygging, slik at driftsforholdene her vil bli noe bedre enn det de er i dag.

Kommunedirektøren si vurdering er at dette er eit godt jordbruksareal som det i utgangspunktet ikkje er nødvendig å heve for å betre kvaliteten. Det er også ein dristig påstand at driftsforholda vil bli betre enn i dag etter avslutta prosjekt. Flytting av matjord kan gå bra dersom det blir gjort på rett måte, men det er uansett eit risikoprosjekt som krev rett kompetanse og gode rutinar. Her må matjordlaga skrellast av og lagrast ein eller annan plass i nærleiken i minimum eit år. Det går ikkje fram av søknaden kor hen og korleis dette skal gjerast, og risiko og konsekvens av at dette eventuelt ikkje går så bra er ikkje belyst.